



Sogn barnevern
Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal

Samhandling med samarbeidande tenester

Kunnskap om, og samhandling med ulike samarbeidspartar, er grunnleggjande for å kunne oppnå barnevernstenesta sitt føremål. Sogn barnevern skal ha tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling med andre instansar generelt, og i arbeidet med det einskilde barnet spesielt. Tenesta skal vidare ha eit godt og avklart samarbeid med alle som er direkte involvert rundt barnet. Sogn barnvern skal bidra til at våre samarbeidspartar får kjennskap til, og kunnskap om, regelverk om teieplikt, opplysningsplikt og meldeplikt til barnevernstenesta. Det skal årleg gjennomførast ein felles fagdag der alle Sogn barnevern sine lokale samarbeidspartar vert invitert inn til dialog om korleis samarbeide til barnets beste i saker med felles ansvar.

Tiltak:

- Fast kontorvaktordning, tlf. 975 06 095
- Open konsultasjonstime for samarbeidande instansar kvar torsdag kl. 14.00
 - Drøfting av saker, anonymt utan samtykke
 - Rettleiing knytt til ulike tema, eller i einskild sak
- Deltaking på HSP/ BU- Team
- Deltaking i ulike felles kommunale utviklingsprosjekt
- Informasjon om tenesta på personalmøter
- Årleg fagdag
- Årlege teamkveldar for oppdragstakar i Sogn barnevern
- Deltaking i ansvarsmøte/ samarbeidsmøte/ systemmøte/ fagmøte
- Deltaking av utarbeiding av Individuell plan
- **Attendemelding til meldar**
 - Offentleg meldar etter melding og US, og bvt kan gje ei attendemelding vedr. tiltak.
 - Privat meldar, at melding er motteke

Sogn barnevernsvakt:

Lov om barnevernstenester sin føremålsparagraf § 1-1 pålegg kommunane at barn og unge «får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid». Om barn og unge står overfor ei akutt krise eller vert utsett for grov omsorgssvikt vil omgrepet «rett tid» kunne være både kveld, natt, helg og høgtider. I brev av 11. juni 2016 uttaler Barne,- ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) følgjande:



Sogn barnevern
Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal

«Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet vurderer imidlertid at kravet til forsvarlige tjenester i barnevernloven tilsier at alle kommuner må ha tilstrekkelig og riktig kompetanse tilgjengelig utenfor vanlig kontortid. Kompetansen kan være tilgjengelig i

kraft av en bakvaksordning pr. telefon. Selv om håndtering av mange akutt situasjoner forutsetter et tett samarbeid med politiet og andre hjelpeinstanser, kan barneverntjenesten ikke overlate ansvaret for disse situasjonene til andre alene. En bakvaksordning må være formalisert slik at noen faktisk har ansvar for å bidra med barneverntjenestens kompetanse, og samarbeide med andre hjelpeinstanser dersom det oppstår en alvorlig situasjon utenfor kontortid. En ordning som baserer seg på at barnevernledere eller ansatte i varierende grad kan kontaktes på private telefonnummer i krisesituasjoner er ikke en forsvarlig organisering barneverntjenestens akuttberedskap».

Tiltak:

- Sogn barnevernsvakt, tlf. 40022988